

Stort engasjement rundt Demens-aksjonen.

25.09.2017



Emil B. Berntsen og Martin Y. Røssland var to av dei flinke ungdommane som deltok i innsamlinga.

Frå kl.17 og utover pågår årets innsamling til demensaksjonen her i bygda. Det er Uskedal helselag som står for innsamlinga, og rundt 30 personar er i sving for at alle i bygda skal få besøk av innsamlarar medan aksjonen pågår. Inntektene skal gå til forskning for å få meir kunnskap om Alzheimer og demens som skal resultera i betre behandling.



Marian Hauso, Sara H. Arnesen og Klara Bakke i full sving med å administrera innsamlinga

Innsamlinga vart organisert frå Gamleskulen der 5 frå styret i Uskedal helselag organiserte innsamlinga med utdeling av bøsser og fordelinga av folk på ruter. Dette arbeidet var godt førebudd, og det gjekk kjapt og greitt. Tilsaman var bygda delt i 10 ruter, men det varierte frå 2 til 4 innsamlarar pr. rute alt etter behov. Det var også ordna med kaffi, skikkeleg heimebakst og frisk norsk frukt til innsamlarane etter utført oppdrag.

Det var ekstra gledeleg at det var ein del ungdommar av begge kjønn som var med i innsamlarkorpset. Eg har inntrykk at dagens ungdommar er svært positive til slikt arbeid berre dei vert spurt.

Eg er sikker på at innsamlarane vert godt mottekte i bygda. Dersom nokon ikkje skulle vera heime. er det likevel enkelt å støtta den gode saka. Alt kan gjerast med mobilen. Du kan senda ein **SMS** med tekst **sammen** til nummer **2216**, og då gjev du 50 kroner. Så kan du senda så mange meldingar at du når ønska beløp. Enda enklare vert det om du har **Vipps**. Då vel du beløpet du ønskjer å gje, og sender det til **2216**

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland